

03 NOVEMBER 2022  
ÅRGANG 55

KYRKJEBLAD FOR ARNA OG YTRE ARNA

# Kyrkjebladet



**Julespel for alle** s. 4-5

**Kyrkja og nærbutikken** s. 6

**Lys vaken i Arna og Ytre Arna** s. 9



DEN NORSKE KIRKE

**Utgjevar:** Arna og Ytre Arna kyrkjelydar

**Redaktør:** Kristin Hjertaker

**Redaksjonen:** Ingvar Fløysvik, Tor Oddvar Holmefjord, Jorunn Haukås, Kristin Haukaas, Erik Rodal

**Design og trykk:** AKSELL

**Opplag:** 5700

**Foto framside:** Anders Totland/Bygdnytt

**Neste utgåve:** 24. mars. Materiellfrist: 27. februar.

**Arna kyrkjekontor**

Tlfon: 55 36 22 70

arna.menighet@kyrkja.no

Heimeside: kyrkja.no/arna

Facebook: @arnakyrke

**Arna kyrkjelydshus, Lakslia 21**  
kontortid tysdag, torsdag og fredag kl. 10-15

**Soknerådsleiar:** Hans Martin Svarstad

**Sokneprest:** Kristin Hjertaker

kh937@kyrkja.no

Tlf. 414 79 182

**Adm. leiar:** Marianne W. Fanebust

**Kateket:** Cathrine Snipsøy

cs262@kyrkja.no

Tlf. 920 71 840

**Trusopplærar:** Gro Eman  
ge427@kyrkja.no

**Kantor:** Olav Arne Steinkopf  
oas377@kyrkja.no

**Ytre Arna kyrkjelyd**  
Tlf. 55 36 22 73  
ytre.arna.kyrkjelyd@kyrkja.no  
Heimeside: kyrkja.no/ytrearna  
Facebook: @ytrearnakyrke

**Ytre Arna kyrkjelydhus**  
Peter Jebsens veg 39  
Open kyrke: Onsdag 11.30-13.00

**Soknerådsleiar:** Jorunn Haukås

**Sokneprest:** Ingvar Fløysvik  
if952@kyrkja.no  
Tlf. 916 06 626

**Adm.leiar:** Benthe Vevle

**Trusopplærar:** Marianne Vevle Hjortland  
mh798@kyrkja.no

**Organist:** Jørn Skauge  
js234@kyrkja.no

**I begge kyrkjelydar:**  
**Ungdomsdiakon:** Maria Aasheim Grosås  
mg647@kyrkja.no  
Tlf. 413 60 923

**Kyrkjeterar:** Monica Ohr  
mo886@kyrkja.no  
Tlf. 412 04 198

**BKF/Kirketorget:** dåp/vigsel/gravferd  
Tlf. 55 59 32 10  
kirketorget.bergen@kyrkja.no  
Besøksadresse: Marken 34

**Vil du gje ei gáve?**

Arna, konto: 1506.60.81157

VIPPS 11237

Ytre Arna, konto: 5081.08.12726

VIPPS 12191

# Sei noko om Jesus!

Den 30. november sluttar Halvor Nordhaug som biskop. Her er hans siste julehelsing til kyrkjeblada i Bjørgvin.

*Den kjende svenske forfattaren Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutselig ringde svært sent ein kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrt over fleire gonger. Han kjende seg totalt ferdig. Det einaste han orka å seia var: – Du må komma!*

*Tunström kom, og vart møtt av venen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan den andre heldt fast på ei whiskyflaske. Han såg på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram: – Du må seia noko! Tunström svarte: – Kva skal eg seia? Vennen sa: – Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko.*

*Då datt det ut av Tunström: – Skal eg seia noko om Jesus? – Ja, sa vennen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta. Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med venen, og byrja å snakka om Jesus.*

Eg forstår dette utbrotet: – Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljinga, då vil eg høyra om Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søkte seg nedover og landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet.

Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnsam og full av omsorg. Ein stad står det: «Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpelaus, som sauver utan gjetar» Orda som her er omsette med «han fekk inderleg medkjensle med dei», betyr direkte omsett: «hans indre kom i rørsle på grunn av dei». Menneske si naud rører Jesus

På vegen ut av Bjørgvin og tilbake til Ås der eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva fekk eg gjort som biskop? Mest av alt håpar eg at eg som Tunström har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskevenen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.

Takk for meg! Det har vore ei festreise å vera biskop i Bjørgvin. Eg ønskjer dykk alle ei gledeleg jul og Guds velsigning!



# Julekonsert i Arna kyrkje

Tysdag 13. desember kl. 19.00 er det julekonsert i Arna kyrkje med prosjektkor og dyktige musikarar og solistar. Då får me høre det unge songtalentet Victoria Hop. I tillegg deltek Arna og Ytre Arna kyrkjekor. Me får høre tradisjonelle songar, knytte til advent og jul - nokre av dei i nye, spennande arrangement. Kan hende vert det òg nokre heilt nye julesongar. Musikalsk ansvarleg er Olav Arne Steinkopf.



Frå konserten i 2021 med Victoria Hop som solist. Foto: Kristin Hjertaker



## Julekonsert med YA Vokal

Velkomen til julekonsert med Ytre Arna Vokal i Ytre Arna kyrkje 18. desember kl. 18.

FOTO: INGER CHRISTINE SKÅRET



## Ungdomsdiakon

Maria Aasheim Grosås er tilsett som ungdomsdiakon i Arna og Ytre Arna frå 1. november. Sentralt i arbeidet hennar vil verha samtaletilbodet 13-20. Dette vil bli presentert i ei seinare utgáve av Kyrkjebladet.

Maria er sosionom og har tidlegare arbeidd fleire år her i bydelen, både som ungdomsrettleiar for NAV og som barnets kontakt i barnevernstenesta. Ho har dessutan i fleire periodar vikarert som ungdomsdiakon i andre kyrkjelydar. Ho held på med ein master i diaconi, som ho vil ta ved sida av arbeidet.

# Julespel: "Det hende i dei dagar"



Romerske soldatar i ulike storleikar bidrar til stemninga i spelet.

Som i fjar blir det utandørs julespel med lokale aktørar i alle roller. Gå ikkje glipp av dette! To framsyningar 10. desember, kl. 16.00 og 17.30.

TEKST: KRISTIN HJERTAKER  
FOTO: ANDERS TOTLAND/BYGDANYTT

Gro Eman, Liv Svanhild Grøneng og Møyfrid Opheim med fleire skapte denne oppsetjinga i fjar – med mykje entusiasme og hardt arbeid. Med på laget har dei svært mange gode krefter. Og ekstra kjekt er det at dette er eit samarbeid på tvers av ulike kyrkjer og bedehus i Arna.

**Godt grunnlag**  
Ikke alt kruttet treng finnast opp på



Store og små gjetarar i flotte kostyme



Eit av høgdepunkta er når Maria kjem ridande inn på «eselet», med ein trygg Josef ved si side.



## Nytt i år: Lyspark

FOTO: KARI SECHER OG MØYFRID OPHEIM.

Mange set pris på litt ekstra lys i førjulstida. I år blir det difor laga til ein lyspark i Sakkeus-parken, som er leikeparken rett ved Arna kyrkje og kyrkjelydshus.

1. november var både born, ungdom og vaksne samla til ein hobbykveld for å laga figurar til lysparken. Kreativitet og engasjement var på topp og stemninga god! No er det berre å gle seg til opning av lysparken til 1. søndag i advent – og julekrybba ved inngangen til Kyrkjestova.

nytt igjen i år. Og kostyme og mange praktiske løysingar og logistikk er uttentenkt og erfart. Heldigvis!

Svært gode tilbakemeldingar både fra deltakande born og vaksne, og ikkje minst frå publikum, gjer at trioen frimodig kører i gang i år igjen. Mange av dei som var med i fjar, vil gjerne vera med i år også, men det blir heilt sikkert nokon nye fjes å sjå også.

### Open kyrkje etterpå

No gjeld det å merka seg dag og tid – og kle seg etter veret og stilla opp utanfor Arna kyrkjelydshus på ei av dei to framsyningane; anten kl. 16.00 eller 17.30 laurdag 10. desember. Ta gjerne med noko å sitja på om du treng det.

Etter framsyninga vert kyrkja open. Der kan ein tenna lys og høyra meir på engekoret og annan vakker julemusikk. Ute vert det servering av gløgg.

## Julespel for alle 10. desember

Bli med på ei reise gjennom juleforteljinga; møt vismenn, gjetarar, sauar og soldatar - og høyre engekoret synga!

**Tid:** Laurdag 10. desember kl. 16.00 og 17.30

**Stad:** Utanfor Arna kyrkjelydshus

Gratis

**Arr.:** Kyrkjer og bedehus i Arna i samarbeid med Skjærgårds Live Arna





# Kyrkja og nærbutikken

Kvart år må dei vaksne i Noreg levera sjølvmelding/skatte-oppgjer. Der fører me opp inntekt, eideom, bankinnskott, formue osb. På same måten må kyrkjene levera tal til biskopen på kor mange som kjem i kyrkja på gudsstenestene, kor mange som vert døypte i kyrkjelyden, konfirmerte, vigsla og gravlagde. Alle desse tala skal bispen ha inn kvart år for å vurdera bruken av dei ulike kyrkjene.

TEKST: JORUNN HAUKÅS FOTO: TOR ODDVAR HOLMEFJORD

Korleis er så bruken av kyrkja i Ytre Arna? På ei vanleg gudsteneste kan det ofte vera langt mellom kyrkegjengarane. Dei frammøtte kan gjerne klumpa seg saman på nokre få benkar. Julaftnar er det bra frammøte, men alt for få av oss som er medlemer i Den norske kyrkja, går i kyrkja på vanlege gudstenester.



Tala for frammøte vert lesne av dei som styrer pengar og ressursar innan kyrkja. Dette kan føra til at dei som styrer, meiner det vert for dyrt å drifta to kyrkjer i Arna, og at det vert den i Indre Arna som i hovudsak vil verta brukt. Førebelts er det ingen fare for kyrkja i Ytre Arna, men på sikt kan ho verta eit kaldt, tomt hus.

Treng me så ein prest og ei kyrkje? Då Jurg Jebsen fekk bygd Ytre Arna kyrkje i 1899, var det Ytre Arna som var sentrum i Arna. Det var der arbeidsplassane var, og det var der dei fleste budde. Han såg at folk hadde trong for å møtast i eit kristent fellesskap i kyrkja, og ynskte å leggja til rette for det. Haus kyrkje på andre sida av fjorden var ikkje stor nok til å ta i mot alle som sökte til kyrkja. Derfor vart Indre Arna kyrkje bygd i 1865 og Ytre Arna kyrkje i 1899.

Går du opp trappa i kyrkja vår, for å finna deg eit sete på galleriet, vil du i halen utanfor, finna ein innramma plakat med skrifta: «Herr Fabrikeier Jurg Jebsen! Modtag vor oprigtige og dybfølte Tak for den store og kjærkomne Gave,

De har skjænket os ved at lade opføre et smukt og værdigt Gudshus i vor Midte. Gud velsigne Dem! Arne den 5te Oktober 1899. I Hengivenhed, Arne Fabrikers Befolknings».

Me veit at folket i Ytre Arna framleis set stor pris på kyrkja si. Det er fint å samlast til dåp, konfirmasjon eller til ei vigsle, og det er godt å ha ein stad å ta avskil med våre kjære på ein verdig og høgtidleg måte. Det er her likskapen med nærbutikken kjem inn. Alle er glade for å ha ein nærbutikk, særleg om det er noko ein gløymde då ein gjore storhandelen på eit eller anna senter. Mange små butikkar har vore nøydde til å stenga dørene; folk som meinte butikken var viktig for bygda, handla likevel for lite og for sjeldan.

Oppmodinga vår er: Kom i kyrkja litt oftare, slik at me framleis kan få ha henne. Kyrkja treng deg og du treng kyrkja.

Velkommen til Ytre Arna kyrkje!

Ytre Arna sokneråd

# 50-årskonfirmantane 2022



Ytre Arna

Bak frå venstre:  
Tommy Wichstrøm,  
Geir Helge Stein,  
Rune Lien,  
Tor Magne Hansen,  
Jonny Skjelvik,  
Kjetil Rolland, Jarle Iversen,  
Ove Vedå, Rune Svardal,  
Kjell Litangen.

I midten frå venstre:  
Liv Kvamsdal, Thor Kalland,  
Benthe Vevle, Maud Gaupås,  
Irene Borge, Aud Marith Vatle,

Framme frå venstre:  
Ingunn Løvaas, Anita Eide,  
Inger Haga, Bente Vik,  
Torhild Hirth,  
Liss-Karin Birkeland,  
Kurt Fjelde, Mona Orvedal.



Arna


Frå venstre:  
Gunnar Hansen,  
Torgeir Dolvik,  
Per Erik Mykkeltveit,  
Signe Lian,  
Kari-Ann Kronen Nesse Hasti,  
Inger Eline Nævdal Fjellanger,  
Jorunn Olsnes Embry,  
Elin Borge,  
Frank Kåre Minde  
og prest Helge Hitland.  
Foto: Kari Secher

I førre nummer av Kyrkjebladet hadde me ein reportasje frå Lien gardsmuseum. No presenterer me ein ny skatt frå museet: ei levande skildring av ein tur til kyrkja juledag i 1938, skriven av tanta til Magne Lien, Aud Lien, som ei skuleoppgåve.

## Jul i Lia 1.juledag 1938

# Til kyrkja ein høgtidsdag

Tidleg joledagsmorgen sat me samla ved frukostbordet. Me var i bestklædi og alle hadde eit eller anna nytt som dei hadde fenge til jol. Det var fint jolever med klår himmel og høg snø. Me borni skulde få vera med far til kyrkja.



Ho mor skulle vera heime og stella huset, og koka middag til me kom att. Mor fann fram nokre salmebøker. Eg skulde få låna den gamle salmeboki etter bestemor. Me tok på oss ytterklædi og tok i veg.

Snøen låg vent på tretoppane og hustaki, og var så turr at det knirka under skorne, når me gjekk. Det strøymde folk til kyrkja, og alle var i bæstkledi og kom med salmeboki i handa. I hagane var det hengt ut kornband til gråsporven.

Frå den vesle stova nede ved vegkanten kom han gamle Lars med ein stokk i den eine handi og ei gammal salmebok i den andre. Han heldt so trutt på den gamle salmeboki si med den skrukkete handi.

Det var liksom at alt var so forunderleg stilt i dag. Fabrikkduren var burte, krambuene stengde og høgtidi rådde yver alt.

Då med nådde kyrkja, ringde dei for siste gong, og me gjekk inn. Det var samla mykje folk, både vaksne og born. Orgelet tok til å spela, og kyrkjelyden song. Eg sat og såg på kor vent det var med den høge kvelven og dei bogne vindauge. På alteret stod two store ljós og brann, og på den utsauma altardukken var det sett ein bundel med kristtorn. Det stod two vene juletred i kordøri og med den vene altertavla attanfyre. Presten gjekk inn i alterringen og las i alterboki um Jesus



Aud Lien

i Betlehem. Han hadde den kvite messeskjorta på, og røysti var klår og sterke. Organisten spela og lyden song kyrkjessvari. So gjekk presten ut og tok av seg messeskjorta og kom inn att med prestekjolen på. Orgelet spela og kyrkjelyden song ein julason. Då dei hadde sunge gjekk presten på prekestolen og tala om joleevangeliet og den glade bodskapen um Jesu fødsel. Eg kjenne meg att fleire gonger i preik frå bibelsoga, men eg fekk vita so mykje meir no. Presten bad ei kort bøn. So lyste han Herrens velsigning yver kyrkjelyden og dei song ein song til slutt.

Han far gav seg til å snakka med kjenninger, medan me borni gjekk ned etter vegen. Um ei stund nådde far oss att, og med skunda oss heimover for ho mor venta vel med middagen.

Då me kom heim, kom mor ut og helsa oss velkommen frå kyrkja. Eg tok til å fortelja kor gildt det hadde vore og sa, mor du skulle vore med du og.

Aud Lien  
Ytre Arna skule 24.mai 1939

## LYS VAKEN I ARNA KYRKJE

26.-27. november 2022 er alle som er fødd i 2010 og 2011 velkomne til Lys Vaken. Ei spennande opplevelse i Arna kyrkje!

Lys Vaken handlar om å vere lys vakne for det som skjer rundt oss, for kvarandre, for Gud og for oss sjølve. Og Gud er Lys vaken for oss.

Vi startar i Arna kyrkje laurdag 26/11 kl. 17.00. Vi skal leike, utforske kyrkja, synge, danse og ete god mat! Vi skal sjå film, og sove i kyrkja! Dei som heller vil sove heime, kan sjølv sagt gjere det og komme tilbake til kyrkja søndag kl. 10.15.



Søndag morgen skal vi ete frukost og vere med på gudstenesta. Førsette, søsken og andre er hjarteleg velkomne til gudstenesta kl. 11.00.

Deltakaravgifta er kr. 150 og kan betalast på Vipps. QR-koden fører deg til Arna menighet.

Ta med: Sovepose, liggeunderlag (ikkje dobbelmadrass), toaletsaker, nattøy, lommelykt (viss du har) og litt snop.

Påmelding til Cathrine Snipsøy: cs262@kirken.no.



Har du lyst til å vera med på LysVaken i Ytre Arna kyrkje?

Ei helg i adventstida vil tusenvis av 11-åringar i heile Noreg bli inviterte til å oppleva ei adventsnatt i ei kyrkje!

I Ytre Arna blir det laurdag 3. desember til sundag 4. desember, natta til 2. sundag i advent. Programmet tek til laurdag kl. 17.00 og blir avslutta med gudstenesta for små og store sundag føremiddag. Gudstenesta begynner kl. 11.00 og er

ferdig ca. 12.15. Det blir felles kveldsmat laurdag kveld og frukost saman sundag morgen.

Påmelding innan måndag 28. november til Ingvar på if952@kyrkja.no eller til Ytre Arna kyrkjekontor tlf. 55 36 22 73.

Så er det berre å møta opp i kyrkja laurdag 3. desember kl. 17.00 – med sovepose!

## Nytt kyrkjeblad

og nye støttespelarar

Sokneråda i Arna og Ytre Arna rettar ei stor takk til alle verksemndene som har sagt ja til å finansiera design og trykk av det nye og heilt lokale Kyrkjebladet, med tre årlege utgåver.

**Vi er på lag - til beste for Arna!**

FOR ARNA SOKNERÅD: Hans Martin Svarstad - FOR YTRE ARNA SOKNERÅD: Jorunn Haukås



**ARNA**  
glass as

**SaftSuse®**  
PRODUSERT AV FAMILIEN OSBERG



**ØYRANE  
TORG**



**A|SKO**  
- vi forsyner Norge med mat

Ta kontakt for taksjekk og uforpliktende tilbud  
**BYGGMESTER  
JOSTEIN GARNES AS**  
Garnesvegen 128, 5264 Garnes  
Postadr: Postboks 233 Indre Arna, 5888 Bergen  
Tlf. 55 24 21 38. Faks 55 24 21 25.  
E-post: post@josteingarnes.no www.josteingarnes.no  
www.mersterhus.no

Murmester  
**Sigurd Djønne AS**  
www.sigurd-djonne.no.no  
Tlf. 55 24 21 16  
Følg oss på facebook

**Ditt lokale verksted**   
**Stamneshagen Auto AS**  
Ytre Arna Tlf. 55247724 sthauto@online.no

**ABORA PROSJEKT AS**  
Ingeniør & byggmesterfirma  
[www.abora.no](http://www.abora.no)   
Tlf. 55 36 77 88



**Natur**

I en tid med naturkrise er det verd å minnes at Bibelen forteller om en natur som står i et forhold til Gud.

**"Havet skal glede seg,  
jorden skal juble, havet  
og alt det som er i det  
skal bruse, marken skal  
juble med alt det den  
bærer; da roper hvert  
tre i skogen av fryd  
for Herrens ansikt."**

Salme 96, 11-13



## DØYPTE ARNA

Emil Grøsvik Killi  
Odin Skriudalen Håbrekke  
Liam Van Kempen  
Gard Rogdaberg Steine  
Mille Hauge Reistad  
Ella Gjeraker Sagosen  
Linnea Birkeland Nygard  
Nicolai Birkeland Hjørneveág  
Thea Emilie Åsheim Svåsand  
Alexander Strømmen-Horstad  
Sander Dahlberg Fahlstrøm  
Mia Esmaralda Elsaas  
Sondre Myklebust Andersen  
Elvira Stephansen Liland  
Nils Halling Gjernes  
Patrick Sværi  
Thea Irgens Nesse  
Jenny Olava Sandal Vatle  
Sienna Marie Sivertsen  
Eleah Bjerkenes Garnes

## DØDE ARNA

Margot Garnes  
Herborg Steinseth  
Ole Andreas Olsnes  
Kjell Einar Johnsen  
Bjørg Øyjord  
Kåre Borge  
Sigfrid Ulvedal  
Sigurdson  
Sander Olsen Berg  
Kjell Rune Horvei  
Arne Sæland  
Johannes Gaudereide  
Alf Bjarne Nævdal  
Astrid Enger  
Signe Fossdal Havre  
Jon Nordpoll  
Gudrun Malene Jakobsen  
Jenny Sigfrid Øye  
Magnar Johan Sivertsen

**Slekters gang**

## VIGDE ARNA

Jostein Heggem Utkilen og  
Magdeli Holmøy Asplin

Katrine Amundsen Tunestveit  
og Christer Sælen

Thomas Hatland og  
Liss Merethe Larsen

Kari Meland Aadland og  
Daniel Kristoffer Skjellanger

## DØYPTE YTRE ARNA

Elida Sandnes Balestrand  
Kasper Elliot Stavland  
Ane Husdal

## DØDE YTRE ARNA

Magnhild Hansen  
Anna O. Sagstad  
Knut Loftås

## VIGDE YTRE ARNA

Janne Kårevik og  
Eivind Straume

## Juletrefest for alle

### Laurdag 7. januar kl. 16

vert det juletrefest for alle i Arna kyrkjelydshus. På programmet står musikk ved Haus musikklag, andakt, utloddning, mat og drikke – og sjølv sagt juletregang! Festen passar for alle generasjonar. Arr.: Klubben for funksjonshemma og Arna sokneråd **Velkommen!**

## Gudstjenester i jula

Etter to år med korona-restriksjonar håpar me på fulle kyrkjer på julaftan! Velkommen til Arna kyrkje kl. 14.30 og 16 julaftan og Ytre Arna kyrkje kl. 15 og 16.15. Juledag vert det høgtidsgudsteneste i begge kyrkjer kl. 12. Kom til kyrkja, lytt til julebodskapen og syng med på dei gode, gamle julesongane!



# Gudstenestekalender



Her finn du oversikt over gudstenester i Arna og Ytre Arna kyrkjer – med etterhald om endringar. Det er takkoffer og nattverd nesten kvar gong og dåp i nokre gudstenester.

I Ytre Arna er det sundagsskule kvar sundag det er gudsteneste, så sant det lèt seg gjera. Påmelding til dåp skjer via heimesida til kyrkja, der ligg det oversikt over ledige datoar. Sjå [www.kyrkja.no/arna](http://www.kyrkja.no/arna) eller [www.kyrkja.no/ytrearnea](http://www.kyrkja.no/ytrearnea).

**kyrkja.no/ytrearnea.** Dersom du ikkje finn noko som passar, kan du ta kontakt med ein av sokneprestane, så finn me ei løysing. Arna: Kristin Hjertaker, Mobil: **414 79 182**, Ytre Arna: Ingvar Fløysvik, Mobil: **916 06 626**

## 27.11.

### 1. sundag i adventstida

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste for små og store.  
Hjertaker. Lys vaken.

## 04.12.

### 2. sundag i adventstida

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Hitland.

**Ytre Arna kyrkje kl. 11:**  
Gudsteneste for små og store. Fløysvik. Lys vaken.  
**Ytre Arna kyrkje kl. 19:**  
Lysmesse. Fløysvik.

## 11.12.

### 3. sundag i adventstida

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Hjertaker.

## 18.12.

### 4. sundag i adventstida

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste.

**Ytre Arna kyrkje kl. 11:**  
Gudsteneste. Fløysvik.

## 24.12.

### julaftan

**Arna kyrkje kl. 14.30.**

Gudsteneste. Jakobsen.

**Arna kyrkje kl. 16.00.**

Gudsteneste. Hjertaker.

**Ytre Arna kyrkje kl. 15 og 16.15:**  
Gudsteneste for små og store. Fløysvik.

## 25.12.

### juledag

**Arna kyrkje kl. 12:**

Høgtidsgudsteneste.  
Hjertaker.

**Ytre Arna kyrkje kl. 12:**  
Høgtidsgudsteneste.  
Fløysvik.

## 01.01.

### nyttårsdag

**Arna kyrkje kl. 17:**

Gudsteneste. Hjertaker.

## 08.01.

### Kristi openberringsdag

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Fløysvik.

## 15.01.

### 2. sundag i openberringstida

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste for små og store. Misjons-sundag. Hjertaker.

**Ytre Arna kyrkje kl. 11:**  
Gudsteneste. Fløysvik.

## 22.01.

### 3. sundag i openberringstida

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Hjertaker.

## 29.01.

### 4. sundag i openberringstida

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Hjertaker.

**Ytre Arna kyrkje kl. 11:**  
Gudsteneste. Fløysvik.

## 05.02.

### Såmannssundagen

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Hjertaker.

## 12.02.

### Kristi forkláringsdag

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Grutle.

**Ytre Arna kyrkje kl. 11:**  
Gudsteneste for små og store. Fløysvik.

## 19.02.

### Fastelavnssundag

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste for små og store. Karneval. Hjertaker.

## 26.02.

### 1. sundag i fastetida

**Arna kyrkje kl. 11:**

Temagudsteneste.  
Hjertaker.

**Ytre Arna kyrkje kl. 11:**  
Gudsteneste. Fløysvik.

## 05.03.

### 2. sundag i fastetida

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste.

## 12.03.

### 3. sundag i fastetida

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Hjertaker.

**Ytre Arna kyrkje kl. 11:**  
Gudsteneste. Fløysvik.

## 19.03.

### 4. sundag i fastetida

**Arna kyrkje kl. 11:**

Gudsteneste. Hjertaker.

## 26.03.

### Maria bodskapsdag

**Arna kyrkje kl. 11:**

Temagudsteneste.  
Hjertaker.

**Ytre Arna kyrkje kl. 11:**  
Gudsteneste. Fløysvik.

# Velkommen til dåp!

Alle er velkomne til dåp i kyrkjene våre. På heimesida finn du meir informasjon om dåpen, og skjema for digital påmelding.

[www.kyrkja.no/arna](http://www.kyrkja.no/arna) - [www.kyrkja.no/ytrearnea](http://www.kyrkja.no/ytrearnea)



Vel fana «dåp», «ny registrering» og kryss av for den kyrkja du ønskjer dåp i, så får du opp ledige datoar. Dersom du ikkje finn noko som passar, kan du kontakta kyrkjecontoret eller ein av prestane direkte.